

**Fra:** Magnhild Helene Tysse <Magnhild.Helene.Tysse@osteroy.kommune.no>

**Sendt:** 15.06.2023 09:45:44

**Til:** Siren B Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>

**Kopi:** Magnhild Helene Tysse <mhtysse@outlook.com>

**Emne:** VS: Her kjem ditt innskanna dokument - Neset Gnr 79 br 2 avtale med grunneigar

---

Hei!

1. Vedlagt finn du innskanna grunneigaravtale.
2. Orientering om framdrift av stølshus tilhøyrande garden i Neset /Almelidneset

A Sommaren 2022 oppdaga me at stølshuset var mykje meir forfallent enn det me kunne sjå med det blotte auga. Berande konstruksjonar var sterkt angripne av midd einskilde stader, så difor måtte me konsentrera oss om ta bort og å reparera desse. Dvs. at me måtte setja inn nytt og noko måtte behandlast med middmiddel. Delar av kledningen måtte også fornyast. Delar av taket måtte tettast for vinteren 2022/2023.

B. Våren 2023: Me har fått inn pristilbod frå Betongen, men er ikkje heilt i hamn med alle detaljar så me vil få inn eit nytt tilbod.

Utanfor stølen har me laga klar for mottak av material med helikopter seinare i sommar.

C. Arbeidet med restaurering av stølen må gjerast av grunneigar, og det vil ta lenger tid enn me hadde trudd. Kostnadene er også større. Det er ikkje realistisk at me blir ferdige med alt arbeid innan september i inneverande år, men nytt tak vil vert lagt, då det ikkje vil klara ein vinter til.

D. Me har fått tilsegn om økonomisk støtte på kr 50 000,- . Pr i dag veit eg ikkje om det dekkjer halvdelen av materialkostnadene, så om de har meir kulturmidlar vil me vera takknemleg for det. Helikoptertransport kjem i tillegg.

Vonar at me kan få utbetalt pengestøtta når de får inn rekninga frå oss ved eit seinare høve no i haust.

E. Me har erfaring med restaurering av både bustadhus og stølar.

I 1980 gjekk me i føringa for å flytta stølshusa på gnr. 84/3 på Steinsland med helikopter. Me har i alle desse åra teke vare på stølshusa, og har ein skriven bruksrett til denne stølen. Stølen vert brukt mest om sommaren, men vinteren er også aktuell.

Dette var litt orientering om Almelidstølen og delar av Steinslandsstølen.

Vonar på eit snarleg svar frå dykk, og at støtte kan verta utbetalt når rekninga vert sendt inn.

Helsing  
Magnhild Helene Tysse

-----Opprinnelig melding-----

Fra: magnhild.helene.tysse@osteroy.kommune.no <magnhild.helene.tysse@osteroy.kommune.no>

Sendt: torsdag 15. juni 2023 09:01

Til: Magnhild Helene Tysse <Magnhild.Helene.Tysse@osteroy.kommune.no>

Kopi: Magnhild Helene Tysse <Magnhild.Helene.Tysse@osteroy.kommune.no>

Emne: Her kjem ditt innskanna dokument

Scan:okmatyvia Capture and Send: